

# Referat

## Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

|             |   |
|-------------|---|
| Dato:       | Fredag 28.mai 2021, kl. 11:30 -14:30  |
| Stad:       | Microsoft Teams   |
| Til stades: | Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Leni Dale (Alver), Terese Folgerø (Alver), , Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Evy Knutsen (Brukarutvalet HDS), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Peter Kubon (Austrheim), Rebekka Ljosland (HDS), Ingebjørg Søreide (Gulen), Oddvin Neset (Masfjorden), Annika Tvedt Villanger (Fedje), Grete Lill Hjartnes (SSE), Silje Marita Strand Skauge (NSF), Randi-Luise Møgster (HB, ikkje til stades under sak 22/21, 23/21, 24/21 ), Elena Sandgathe (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE). |
| Ikkje møtt: | Kjerstin Fyllingen (HDS), Nina Kvamme (Osterøy) og Ove Sæbø (Modalen)   |
| Møteleiar:  | Tord Moltumyr (Alver)   |
| Referent:   | Anne Hildegunn Færøy og Elena Sandgathe   |

| Nr    | Saker  |
|-------|--|
| 14/21 | <b>Godkjenning av innkalling og saksliste.</b><br><b>Vedtak:</b><br>Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.   |
| 15/21 | <b>Godkjenning av referat frå møte 11.desember 2020</b><br><b>Vedtak:</b><br>Referat godkjent utan merknader.  |
| 16/21 | <b>Endra rutinar for offentleggjering av sakslister og referat</b><br>Saksnotat med framlegg til endra rutinar for offentleggjering og publisering av saksliste og referat var sendt til utvalet saman med sakslista.<br>Det er i saka føreslått at referat blir sendt på e-post til gjennomgang og godkjenning med fastsett frist for å gje tilbakemelding dersom ein har merknader til referatet.<br>Når referat er godkjent vert det publisert på felles nettside og sendt til postmottak hos partane. Referat skal merkast med at formell godkjenning av referatet skjer i neste møte.<br><br><b>Vedtak:</b><br>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til nye rutiner for godkjenning og offentleggjering av referat. Utvalet ber om at referat vert merka med at formell godkjenning av referatet skjer i neste utvalsmøte.<br>Utvalet støttar forslaget om at sakslister med saksvedlegg vert sendt til utvalsmedlemmane som før, og at den vert publisert på felles nettside etter godkjenning i møte. |
| 17/21 | <b>Covid 19 – orientering frå koordineringsgruppa</b><br>Terese Følgerø, kommuneoverlege i Alver og kommunane i NH sin representant i koordnieringsgruppa orienterte om status for gruppa sitt arbeid.<br>Orienteringa starta med å gje ros til det gode arbeidet koordineringsgruppa har gjort under heile pandemien. Særleg vart det peika på ansvaret som Helse Bergen har tatt på seg når det gjeld møteleiing og oppfølging etter møta i koordineringsgruppa.<br><br>Sjølv der det har vore tema som i stor grad omhandlar kommunale problemstillingar, så har representantane frå føretaket støtta og tatt initiativ for å finna løysingar.<br><br>Gruppas medlemmer opplever likevel at det utfordringar med å involvere og forankre når det er korte fristar, både til å komme med innspel og svare på spørsmål. Dette er særleg krevjande for dei som representere fleire kommunar.   |

|       |   |
|-------|---|
|       | <p>Møteleiar takka for orienteringa og det gode arbeidet som koordneringsgruppa gjer, og oppsummerte med at det ser ut som gruppa har det nødvendige mandatet og ressursar til å gjennomføre oppdraget.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa, og støttar det viktige og gode arbeidet som koordineringsgruppa gjer.</p>   |
| 18/21 | <p><b>Handlingsplan 2021</b><br/>Samarbeidssekretariatet v/ Elena Sandgathe orienterte om status for arbeidet med oppfølging av tiltakspunkta i handlingsplanen.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/>SU NH takkar for gjennomgangen og tar orienteringa til vitande.</p>  |
| 19/21 | <p><b>Handlingsplan pkt. 1.4 - Særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS</b><br/>Elena Sandgathe, HDS presenterte saka med forslag til sluttprosess for avtalearbeidet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Avtaleutkast sendes på en bred innspillsrunde hos avtalepartene med en tidsfrist innen 30.juni 2021.</i></li> <li>2. <i>Arbeidsgruppen møtes og vurderer/innarbeider innspill</i></li> <li>3. <i>Endelig avtaleutkast sendes ut til avtalepartene for godkjenning og signering</i></li> </ol> <p>Utkast til særavtale med forslag til sluttprosess for avtalearbeidet var sendt ut saman med sakslista.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Samarbeidsutvalget for Region Nordhordland takk for presentasjon av saka og sluttar seg til arbeidsgruppa's forslag til sluttprosess for avtalearbeidet.</p>   |
| 20/21 | <p><b>Handlingsplan pkt. 2.1 - Felles Utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b><br/>Tord Moltumyr innleia saka med å takke prosjektleiar Odd Ivar Øvregård for det omfattande arbeidet som er gjort i samband med prosjektrapporten «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling».</p> <p>Prosjektdirektivet som var lagt til grunn for arbeidet, var to-delt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utarbeide en Felles utviklingsplan</li> <li>2. Legge til rette for oppretting av Helsefellesskap</li> </ol> <p>Med bakgrunn i arbeidet som er gjort vil styringsgruppa for prosjektet tilrå at prosjektrapporten inngår som ein del av kunnskapsgrunnlaget for utarbeiding av ein <i>Felles utviklingsplan</i> og etablering av <i>Helsefellesskap</i>. Styringsgruppa tilrår vidare at etablering av Helsefellesskap vert prioritert først, og at arbeidet med ein Felles utviklingsplan vert arbeidd med etter det. Styringsgruppa har bedt SSe utarbeide forslag til prosess og legge dette fram i deira møte 12.mai. (jf. Saksgrunnlag). Ei samla styringsgruppe slutta til framlegg prosess og ba om at dette vart lagt fram til handsaming i samarbeidsutvala sine møter i mai/juni.</p> <p>I saksgrunnlaget er det vist til at samhandlingsstruktur og samarbeidsformer er regulert gjennom «overordna samarbeidsavtale», og at etablering av helsefellesskap handlar om å vidareutvikla den «overordna samarbeidsavtala» i tråd med nasjonale føringar, men tilpassa lokale vurderingar og behov. Det er i saksgrunnlaget tilrådd at det vert sett ned ei arbeidsgruppe, samansett av SU-leiarane, leiarar ved HDS og HB, samt to brukarrepresentantar og at SSe skal fungere som sekretariat for arbeidsgruppa. I saka er det lagt fram forslag til mandat og oppdrag for arbeidsgruppa.</p> <p>Med bakgrunn i styringsgruppa si tilråding er det utarbeidd forslag til framdriftsplan som vart presentert i møtet. Det er planlagt for at samarbeidsutvala behandlar «Ny overordna samarbeidsavtale» i september, at avtala vert lagt fram til handsaming i kommunar og spesialisthelsetenesta i oktober/november og lagt fram til signering på Toppleiarmøte 2022.</p> |

Det vart vist til at det er under utarbeiding ein nasjonal rettleiar for revisjon av avtaleverket. Det vert tilrådd at denne vert nytta i arbeidet med «overordna samarbeidsavtale» og etablering av Helsefellesskap.

**Drøfting og innspel til saka:**

Medlemmane i SU Nordhordland er samde om at ein skal samarbeide for å etablere Helsefellesskap, slik det er vist til i Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 og i avtala som er inngått mellom KS og regjeringa.

Kommunane sine representantar stiller likevel spørsmål ved forslag til prosess, og melder at dei ikkje kan stille seg bak framlegg til arbeidsgruppa mandat og forslag til vedtak slik det er formulert i saksgrunnlaget.

Representantar frå kommunane peika på og kom med innspel til:

- Tidsplan verkar for ambisiøs og tidsfristane er for knappe til å sikre gode prosessar med involvering og medverking frå kommunane.
- Stiller spørsmål ved at arbeidet skal starta med revisjon av «overordna samarbeidsavtale»
- Viktig å vurdere strukturen, samansetninga av utvala og vurdere endringar i mandatet, før arbeidet med revisjon av overordna samarbeidsavtale startar.
- Viktig å ha med fastlegane i ein ny struktur og forslag om korleis dette skal finansierast.
- Samansettinga av arbeidsgruppa vert utvida med representant frå kommunedirektør-/rådmannsnivå.
- Mandatet til arbeidsgruppa bør endrast;
  - Arbeidsgruppa får i oppdrag å greie ut korleis helsefellesskap kan etablerast og kva endringar som skal til sett i forhold til den samarbeidsstrukturen vi har i dag. Arbeidsgruppa skal skissere ulike modellar for helsefellesskap.
  - Forslag til modell, med mål om etablering av Helsefellesskap i 2022 vert presentert for Toppleiarmøte, og at prosess for revisjon av overordna samarbeidsavtale blir tilpassa ny struktur.
- KS er en viktig bidragsyter og bør bli ein aktiv part i prosessen med utvikling av Helsefellesskapet
- Viktig at alle interessentar blir høyrte og inkludert inn i arbeidet.

Det vart frå Helse Bergen si side presisert at det er krevjande å for helseføretaket å stille seg bak ei endring av forslag til vedtak som inneber at ein ikkje kan nå målet om etablering av helsefellesskap innanfor dei fristane som er sett.

Det var stilt spørsmål ved om utvalet kan einast om ei vedtaksformulering som opnar opp for at ein framleis når målet om at Helsefellesskapet skal etablerast innanfor den tidsramma som er føreslått.

HDS presiserte at det er viktig med god framdrift i arbeidet, slik at Helsefellesskapet kan komme på plass innan forventa tidsfrist. HDS er opptatt av at prosessen er tilstrekkeleg forankra hos alle partar og at alle blir høyrte og er inkludert.

**Vedtak:**

Dei kommunale representantane i samarbeidsutvalet kan ikkje slutte seg til framlegg til vedtak slik det er formulert i saksframlegget, og ber om at innspel til prosess, endring av mandat og samansetting av arbeidsgruppa vert tatt med i vidare arbeid. Representantane presiserer at KS bør ha ei sentral rolle i arbeidet.

Samarbeidsutvalet ber om at SSE får i oppdrag å presentere forslag til modell for helsefellesskap på Toppleiarmøte 2022, samt vurdere behov og prosess for revisjon av samarbeidsavtale.

|       |  |
|-------|--|
|       |  |
| 21/21 | <p><b>Handlingsplan pkt. 2.5 - Digital samhandling</b><br/> Kristin Brekke(Seksjonssjef seksjon for e-helse, Bergen kommune ) og Hege Rob Moi (Seksjonsleiar e-helse, Helse Bergen) presenterte ei overordna oversikt over e-helseområdet, sett frå kommune- og spesialisthelsetenesta sin ståstad i føretaksområdet/regionen.</p> <p>I saka er det føreslått at presentasjonen vert fylgt opp med ein gjennomgang av prioriterte satsingar og prosjekt for det enkelte SU i septembermøta. Utvalet ber leiar og sekretær følgje dette opp i forkant av neste møte.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/> SU NH takkar for god orientering om overordna oversikt over e-helseområdet og om at det vert planlagt for ein gjennomgang av prioriterte satsingar og prosjekt for Nordhordlandsregionen i neste møte.</p>  |
| 22/21 | <p><b>Toppleiarmøte 2022</b><br/> Orientering om planlegging og gjennomføring av Toppleiarmøte 2022. Haraldsplass Diakonale Sykehus og kommunane i Region Nordhordland har blitt einige om å samarbeida å stå som arrangør av Toppleiarmøte 2022, og at møte skal vere i Region Nordhordland Helsehus <u>torsdag 27. januar 2022</u>.</p> <p>Kommunane blir oppmoda om å komme med innspel til aktuelle tema eller saker som dei ønsker skal rettast merksemd mot i neste års Toppleiarmøte.</p> <p>Eventuelle innspel vil leggjast fram for programkomiteen før forslag til program vert utarbeidd.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og tar den til vitande.</p>   |
| 23/21 | <p><b>Utfordringar knytt til oppfølging av samarbeidsavtalen om inn og utskrivning i psykisk helsevern</b><br/> Møteleiar presenterte saka og orienterte om at Alver kommune har sendt melding til Helse Bergen der det er vist til utfordringar knytt til oppfølging av <a href="#">tenesteavtale 3 og 5</a> - samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og vaksne.</p> <p>Geir Lien ville på vegne av Helse Bergen beklage avvika og orienterte om at Helse Bergen har sett i gang tiltak for å følgje opp og svare ut dei avvika som er meldt inn.</p> <p>Ein vil m.a. sjå på interne rutinar og vurdere behov for meir opplæring knytt til etterleving av samarbeidsavtala og tilhøyrande retningslinjer.</p> <p>Vidare vart det peika på at det er knytt forventingar til forbetningsarbeid og samarbeid innan psykisk helse og rus i samband med prosjekt fag- og tenesteutvikling i helsehuset.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/> Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering og støttar at Helse Bergen arbeider med å gjere tenesteavtale 3 og 5, rus og psykisk helsevern betre kjent i divisjon psykisk helsevern, for å sikre implementering av gode rutinar i tråd med avtalen i alle avdelingar.</p> |
| 24/21 | <p><b>Val av nye representantar i Medisinsk fagleg utval(MFU)</b><br/> Fleire av medlemmane i MFU står på val og kommunane i NH må velgje ny representant til utvalet.</p> <p>Terese Folgerø, kommunane i Nordhordland sin representant i MFU har meldt at ho ønskjer å gå ut at utvalet, og det må veljast ny fast- og vararepresentant frå NH kommunane</p>  |

|       |  |
|-------|--|
|       | <p>Utvalet ber om at det i saka vert presisert at vararepresentantar ikkje har møterett, men skal kallast inn ved behov.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for påminninga og tek saka til orientering. Kommunerepresentantane i SU NH ber leiar og sekretær følgje opp for å avklare kven frå kommunane som kan gå inn som fast- og vararepresentant i MFU.</p>  |
| 25/21 | <p><b>Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde</b><br/>Tonje Husum Aarland, prosjektleiar for <i>Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde</i> - eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland, BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS.<br/>Presentasjon frå orienteringa med meir informasjon, status for prosjektet med plan for vidare prosess er lagt ved referatet.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takker for orienteringa.</p>   |
| 26/21 | <p><b>Orientering frå partane</b><br/><b>HDS:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rebekka Ljosland viste til at det den siste tida har vore fokus på legebemanninga ved Sunniva avdelinga. Det vart presisert at tilbodet til pasientane og kommunane er det same som før og sjukehuset arbeider for sikre nok legeressursar til avdelinga.</li> </ul> <p><b>HB:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Glasblokken Organisasjonsutviklingsprosjekt - Delprosjekt forskning, innovasjon og utdanning. Prosjektet ønskjer deltaking frå ein (eller fleire) representantar frå 1. linje i delprosjektet. (PP med meir informasjon om prosjektet er lagt ved)</li> <li>• ROP-sengepost er under etablering. Dette er ein sengepost i eit større arbeid med heilskapelege tenester til ROP-pasientane.</li> </ul> <p><b>Kommunane:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Peter Kubon orienterte om at han skal ha permisjon fram til desember 2022. Jarle Gallefoss overtar som Austrheim kommune sin repr. i utvalet i permisjonstida.</li> </ul> |
| 27/21 | <p><b>Referat frå underutval:</b><br/>Referat frå møte i Felles UFAB, 14.04.2021<br/>Referatet er tatt til orientering.</p>  |
| 28/21 | <p><b>Eventuelt</b><br/><u>Rådmannsutvalet(RU) i Nordhordland – merknader til undervegs-evalueringa av pandemiarbeidet</u><br/>Tord Moltumyr orienterte om at Rådmannsutvalet(RU) i Nordhordland har drøfta saka om undervegs-evalueringa av arbeide med pandemien. Dei har m.a. peika på at det kan vere krevjande å få gjennomført ei evaluering no, samt at mandatet som vart utarbeid og vedteke tidleg i pandemien kanskje bør justerast i samsvar med behov for ei ny, større evaluering etter pandemien.<br/>Grete Lill Hjartnes i SSe viste til at prosessen med undervegs-evalueringa er godt i gang. Arbeidsgruppa har blitt einige om at det vert gjennomført ei enkel evaluering av koordneringsgruppa sitt arbeid, og det er utarbeidd 3 korte spørsmål som er sendt til partane. Det har allereie komme inn mange svar, og det er vanskeleg å sjå at denne prosessen kan stoppast no.</p>  |